



## ATOMBEREDSKAP I ØYGARDEN KOMMUNE



Delplan til krise og beredskapsplanen

Versjon haust 2021

Skjematisk oversyn av kommunale, operative tiltak ved melding om ei atomhending. Tiltaka er sett opp på bakgrunn av den nasjonale trusselvurderinga og dei seks dimensjonerande scenario som er nasjonalt vedtekne, og som kommunane skal retta seg etter.

1. Stort luftbore utslepp frå utlandet
2. Stort luftbore utslepp frå fast verksemd i Noreg
3. Lokal hending i Noreg som utviklar seg utan stadbunden tilknytning

4. lokal hending som utviklar seg over tid
5. Stort utslepp til marint miljø el. Rykte om betydeleg marin eller terrestrisk forureining
6. Alvorleg hending i utlandet utan direkte konsekvens for norsk territorium

Hendingane i gult felt er aktuelle for Øygarden kommune.

Ved alle alvorlege atomhendingar, er tidsfaktoren, kritisk. Det er Kriseutvalget (KU) som kan setja i verk konsekvensreducerande tiltak i akuttfasen av ei alvorleg atomhending. Den norske atommodellen på baksida.

Dersom kommunen får truverdige melding(ar) om ei atomhending i sitt nærområde, må kommunal kriseleiing (KKL) straks kallast saman enten fysisk eller digitalt utifrå situasjon og starta førebunde arbeid for seinare å kunna inngå i det regionale/nasjonale samvirket.

STARTFASE: Etter internvarsling og etablering, må KKL vurdere/prioritera sjølvstendige tiltak på desse felta:


- Varsling
- Etablere kriseorganisasjon
- Etter råd frå styresmaktene – innandørsmelding
- Etter råd frå styresmakta – Dele ut jod tablettar
- Etter avgjerd frå politi/KU – Hjelpe ved evakuering t.d. syte for transport, innkvartering og forpleiing
- Etter råd frå styresmakta- ved oppmoding støtte naudetatar mfl. til reinse forureina personar, mellom anna ved å stille lokale til disposisjon, materiell, personell og oppfølging av forureina personar
- Etter råd frå styresmakta- Gje råd om kosthald
- Ved oppmoding støtte Mattilsynet i gjennomføring av tiltak knytt til næringsmiddelproduksjon

Korleis kommunen handterer situasjon er ytterlegare beskriven i operativ beredskapsplan og tiltakskorta - handteringa av atomhending og tiltakskort - Radioaktiv forureining utdeling av jod tablettar.

Ansvarsområde til dei ulike funksjonane i kriseleiinga følgjer overordna beredskapsplan. I tillegg vert aktuelle fagressursar kalla inn.

NB: Det er oppretta hovudlogg på dsb-cim som følgjer leiar. K-1 - K-6 har fått oppretta under loggar for sine ansvarsområde.

Skjematisk framstilling av den norske atomberedskapsorganisasjonen



*Atomberedskapsorganisasjonen i Norge.*

I ei akutfase har KU ansvar for 5 overordna oppgaver med tilhøyrande fullmakter;

- Utarbeide tidleg og deretter løypande ubeskriveleg av situasjonen.
- Utarbeide og innhente prognoser for utvikling av situasjonen, stråledose og risiko.
- Vurdere og eventuelt hjelpe ved iverksetting av konsekvensreducerande tiltak.
- Utarbeide informasjon om hendinga, konsekvensar og tiltak.
- Seinfase: Sørge for god handtering også i de seinare trinn frem til handtering overføre til de sedvanlege fagmyndigheiter.

De forskjellige myndigheitene i atomberedskapsorganisasjonen kan også iverksette egne tiltak gjennom egne mandatar og heimelsgrunnlag.

De faste rådgivarane for Kriseutvalget har relevant kompetanse og hjelpemidlar for å kartlegge omfanget av konsekvensane ved en atomhending.

#### **OPPGAVER SOM KAN VERTA AKTUELLE FOR KOMMUNEN:**

Kommunens rolle og oppgaver ved atomhending, vil som ved de fleste andre uønskelege hendingar være å oppretthalde egen tenesteproduksjon, å hjelpe andre myndigheiter med ansvar for gjennomføring av tiltak og generell ivaretaking av befolkningas tryggleik. Formidling av lokalt tilpassast informasjon, irekna også befolkningsvarsling, er sannsynlegvis den viktigaste enkeltoppgåva der kommunen har gjennomføringsansvar.

Planen skal reviderast ved behov og i samband med ny kommuneROS kvart 4 år.